



DEN NORSKE KYRKJA
Ål prestegjeld

FORNYINGS-, ADMINISTRASJONS-
OG KIRKEDEPARTEMENTET



14 SEPT 2010

SAKSNR: 201001734-83

Dato:

9. september 2010

Kirkedepartementet,

Akersgata 59,

Postboks 8004 Dep, 0030 Oslo

Høyringsvar frå Ål kyrkjelege fellesråd til endringar i Gravferdslova og kyrkjelova:

I hovudsak er endringsforslaga nødvendige og fornuftige. Det er likevel enkelte ting å peike på. Justeringane i gravferdslova er tilpassa bynære strøk med langt fleire gravfeder, og tidvis kapasitetsproblem. At ein skal endre lova i staden for å betre økonomien, og utvide kapasiteten hjå gravferdsmyndighetene er bakvendt, og vil ikkje tene dei pårørande i særleg grad.

Fellesrådet merka seg tre punkt som treng særleg påpeiking:

1. GL § 12 Frist for gravlegging (§ 13, unntak for reglane)

Frist for gravlegging er tenkt utvida frå 8 til 14 dagar. Dette er ein endring som botnar mest i kapasitetsproblem på større stader. Også i Ål har me av og til gjenge ut over 8-dagars fristen med fylgjande grunngjeving:

- Mellomliggande (variable) helgedagar som gjer at gravning og gravferd må utsetjast.
- Obduksjon og venting før avdøde blir frigjett for gravlegging.
- Grunngjeve ynskje frå pårørande om å vente. Slike tilfelle blir avgjort av kyrkjeverja.
- Kapasitetsproblem

Fellesrådet i Ål ynskjer å justere frist for gravlegging, men til 10 dagar. Ein kan framleis forlenge tida i medhald av §13.

Lokalt bør ein setja gravferdstidspunktet så nær dødsfallet som mogeleg. Å forlenge tidsfristen til heile 14 dagar vil gje sterkare argument til pårørande med å vente på billigare flybilletter, utsetja på grunn av "viktige" gjeremål osb. Mellom dødsfall og gravferd vil det vera ei ventetid som er hard for mange. Dette er eit argument for å halde på ei knappare tistfrist enn kva høyringa legg opp til. Ein 10-dagars regel kan gje fleksibiliteten ein er ute etter.

2. GL § 23 Forvaltningsansvar. –Nytt tredje ledd.

I samband med tilrettelegging av gravferd for andre trus-samfunn vil ein at den som har ansvaret for gravferdsforvaltninga (fellesrådet) kallar inn til minst eitt møte i året. Dette for å finne ut korleis ein best skal ivareta behov for gravferd for personar tilhøyrande andre trussamfunn enn Den norske kyrkja.

Eit årleg møte føreset at ein har evalueringsgrunnlag ved å ha gjennomført ei eller fleire ikkje-kyrkjelege gravferder i løpet av eitt år. Rett nok vil dei store byane ha behov for fleire evalueringsmøter i løpet av ein slik periode. Men å lovfeste eitt årleg møte for samtlege som har forvaltningsansvar for gravlegging er å ta for hardt i. Ål er truleg den kommunen i Hallingdal som

har flest gravferder frå andre trus-samfunn. Likevel kjem me opp i berre to gravferder årleg dei siste fire åra. Lovteksten bør endrast slik at ein syrgjer for faste møtepunkt, men kor ofte ein skal halde slike møter må kunne avgjerast lokalt. Det vil hindre at dette blir ein sovande paragraf mange stader.

Framlegg til eit nytt tredje ledd har i høyringsnotatet slik ordlyd:

Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas

Fellesrådet bed departementet om å vurdere fylgjande framlegg:

*Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr en gang i året, **eller så ofte det er enighet om**, de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas*

3. Utgiftsdekking ved kremasjon

Kremasjonsprosenten har auka dei siste åra, men framleis er det nokså sjeldan at kremasjon blir vald som gravleggingsform i Hallingdal. Det har sjølvsagt mest samanheng med tradisjonar, men kan også ha med økonomien å gjere. Eit lite tilskot blir gjett frå Ål kommune via fellesrådet, men tilskotet dekkjer knapt halvparten av kva transport og kremasjon kostar. Resten blir dekt av pårørande. Departementet har....."vurdert om de to gravferdsformer burde likestilles i økonomisk forstand, slik at retten til fri grav ble utvidet til også å omfatte rett til kremasjon utan avgift."

Truleg vil utgreiingane forseinke prosessen med endringar i gravferdslova, men det kan vera eit poeng å sidestille kremasjon og kistegravferd alt no. Særleg bynære område har kapasitetsproblem, og ein blir nærast tvinga til kremasjon då alternativet med kistegravlegging kan vera på ein gravplass svært langt unna. At dette skal medføre utgifter er ikkje rett.

Vedtak frå Ål kyrkjelege fellesråd, handsama den 7. september sak 27/10:

Fellesrådet gjev fylgjande innspel til høyringa om endringar i gravferdslova og kyrkjelova:

1. Gravferdslova § 12:

Ål kyrkjelege fellesråd ynskjer å justere frist for gravlegging, men til 10 dagar. Ein kan framleis forlenge tida i medhald av §13. Det vil gje den fleksibiliteten ein er ute etter.

2. Gravferslova § 23:

Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr en gang i året, **eller så ofte det er enighet om**, de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas

3. Kremasjon som gravferdsform (Høyringsskrivet punkt 5,2)

Kremasjon og kistegravfred må sidestillast økonomisk, og ein bør snarast mogeleg kome i gang med dette arbeidet.

Ål kyrkjelege fellesråd



Kjellfréd Dekko
-kyrkjeverje-